

DISPOSISJON:

Hovudverk (1. manual)

Principal 16'
Principal 8'
Flagflöjt 8'
Gamba 8'
Octava 4'
Rörflöjt 4'
Quinta 3'
Octava 2'
Ters 1 3/5'
Mixtur III
Trumpet 8'

Svellverk (2. manual)

Bassetthorn 8'
Gedackt 8'
Vox Candida 8'
Principal 4'
Flöjt 4'
Gemshorn 2'
Sedicima 1'
Vox Humana 8'

Pedal

Subbas 16'
Principal 8'
Borduna 8'
Octava 4'
Basun 16'

Koppel: I/P, II/P, II/I, Tremulant,

Dobbeltregistratur m/setzer

ØKONOMI



Totalkostnad - inkludert ombygging av galleriet:

kr. 4.500.000

Fitjar kommune løyver

kr. 3.500.000

Hittil innsamla midlar (pr 15.02.2016):

ca. kr. 500.000

Det er høve til å gi ei gåve til orgelprosjektet

kontonummer: 3520 64 83812

FITJAR SOKN

Postboks 10, 5418 FITJAR

kyrkja@fitjar.kommune.no

www.kyrkja.no/fitjar

Jan Overweg - februar 2016

NYTT ORGEL FITJAR KYRKJE



i samband med 150 års jubileet for
Fitjar kyrkje i 2017

-
orgelet vert bygd av
Ålems orgelverkstad AB





Fasaden frå det første orgelet av orgelbygger Kvarme. Spelepult frå 1969 av orgelbygger Jørgensen.

Det gamle orgelet

- Det første orgelet i Fitjar kyrkje vart kjøpt i 1895. Det hadde 7 stemmer og 405 piper.
- I 1935 vart orgelet bygd om og utvida frå 7 til 12 stemmer.
- Atter ein gong vart orgelet bygd om og utvida i 1969. Instrumentet fekk 16 stemmer - mykje av dei gamle stemmene vart brukt om att.

Orgelet er både klangleg og teknisk svært mangelfull.

Fitjar har eit levande og sterkt kulturliv der song og musikk alltid har stått sentralt. Det er høge deltakartal ved gudstenester og andre kyrkjelege arrangement. Trongen for eit nytt orgel er difor stor.

FAKTA OM DET NYE ORGELET

- orgelet vert bygd av ÅLEMS ORGELVERKSTAD AB -
- bygging starta i januar 2016 hos Ålems i Sverige -
- ferdigstilling i Fitjar kyrkje tidleg 2017 -



FASADE:

Orgelfasaden frå 1895 - i nygotisk stil - blir delvis vidareført i det nye orgelet. Orgelet kjem lenger fram, og fasaden blir ein del av galleribrystninga.

Galleriet vert bygd opp på ny. Det vil få korte sidegalleri som har plass til mellom anna kor. Brystninga får søyler i rekkverk, som vil opna det tidlegare litt tronge og mørke galleriet.




fasaden - opphavleg frå 1895



kyrkja får nytt galleri

PLASSERING AV ORGELET:

Orgelet vert vesentleg mykje større enn det gamle. Instrumentet får 24 stemmer fordelt over 2 manualer og pedal. Til saman 1368 store og små piper skal få plass i orgelhuset. Heile orgelet blir bygd etter klassiske prinsipp. Spelepulten kjem no på nordsida av orgelhuset.



spelepulten kjem på nordsida av orgelhuset



kyrkja får korte sidegalleri

KLANGEN:

Med 24 stemmer får orgelet ein rik klangpalett. Det vil med sine fylldige grunnstemmer kunna bera salmesongen på ein heil ny måte. Kvar pipe i orgelet blir nøyte tilpassa kyrkjerommet. Musikk frå ulike epokar og opphav skal kunna koma til sin rett og inspirera både musikarar og kyrkjelyd.



orgelet får 24 stemmer



til inspirasjon for både musikarar og kyrkjelyd